

## VEDTEKTER og REGLEMENT for Midsund Musikk og Kulturskule

- 1 **Kommunestyret fastset semesteravgifta.**  
  
Det er gjeve 25% rabatt for sysken nr. 2 og fleire, samt for fleire instrument og gruppeundervisning  
I særskilde høve kan ein etter søknad innvilge fri plass  
I tillegg til semesteravgifta må ein gjere rekning med å betale undervisningsmaterieell (noter m.m.) og ev instrumentleige.
- 2 Som hovudregel gjeld opptak i musikkskulen **for eit heilt skuleår.**
- 3 **Frist for innmelding i musikkskulen er 15 april.** Innmelding skal skje skriftleg på søknadsskjema som sendes musikkskulen. Det er høve til å melde seg inn etter fristen, men skulen tek då for behald om lærarkapasitet
- 4 Får å behalde plassen i musikkskulen må ein gje skriftleg beskjed til rektor **Fristen er 15 april.**
- 5 Utmelding av musikkskulen må skriftleg rettast til rektor. **Fristen er 15 april.**
- 6 Elevavgifta skal betalast til kommunekassa og kan ikkje refunderast bortsett frå
  - ved lengre tids sjukdom (over seks veker)
  - ved flytting frå kommunen
  - for nybegynnarar (sjå punkt 7)
- 7 For nybegynnarar er det høve til å slutte etter berre eitt semester. Det må gjevast skriftleg utmelding til musikkskulen innan **1. desember.**
- 8 Det er høve til å leige instrument av musikkskulen, dersom skulen har ledige instrument.  
Skade på skulen sine instrument må straks meldast til rektor. Skuldast skaden uforstiktig behandling, pliktar eleven å betale reparasjon.
- 9 Dersom eleven på grunn av sjukdom eller andre tvingande årsaker ikkje kan møte til undervisning, må lærar eller rektor få melding på førehand
- 10 Dersom læraren er forhindra frå å møte, vil timen bli erstatta så langt det er råd.
- 11 Elevar som syner ufin framferd, lita interesse eller på annan måte øydelegg undervisninga, kan misse retten til å få undervisning. I slike tilfelle kan ein ikkje gjere rekning med å få refundert deler av eller heile semesteravgifta.